

ENGLAND



Atlanterhavet

Sverige

Nordsjøen

CARLISLE
BISPEDØMME

STORBRITANNIA

Danmark

Irland

Polen

Nederland

Tyskland

Belgia

Tsjekkia





Fakta om England

England utgjer saman med Wales, Skottland og Nord-Irland kongedømmet Storbritannia.

Innbyggjarar: 67,7 millionar

Religion:

- 59,5 % kristne
- 4,4% muslimar
- 1,3 % hinduar
- 34,9% andre/uspesifisert/ingen



Fakta om England

Næringsvegar:

- Tradisjonelt: Industri
- De siste tiåra: Finans, forsikring, investeringar, turisme
- I tillegg: Omfattande oljeindustri



Fakta om England

Styresett:

Konstitusjonelt monarki

Levekår:

Landet har ein av dei høgste levestandardane i verda, men med aukande skilnader.



**Kva er vi med på
i England?**



NMS sin samarbeidspartner
i England er:

**Church of England,
Carlisle bispedømme**



Kva er vi med på i England?

Vi vil bidra til å gjere kyrkja relevant i lokalsamfunnet, der kyrkjelyden blir ein «heim» for både tru og praktisk kjærleik. Kyrkja ønskjer å spele ei rolle i møte med einsemnd, ulikskap og fragmentering i det engelske samfunnet.



Skape møtestader for kyrkjeframand ungdom

I Carlisle bispedømme i Cumbria er mange barn og unge heilt utan tilknytning til kyrkje eller kristen tru.

Å nå denne generasjonen med budskapet om Jesus krev nye måtar å vere kyrkje på, slik at dei unge kan oppleve kyrkja og budskapet som relevant.



Skape møtestader for kyrkjeframand ungdom

Møtestader kan vere treffpunkt på vekebasis der kor ungdommane er i kvardagen; ein park, eit ungdomslokale, ein etter-skuletid-klubb o.l.



Skape møtestader for kyrkjeframand ungdom

Network Youth Church (NYC) er ungdomsgrupper som er etablerte i ni av ti prosti i Carlisle bispedømme.

Kvar gruppe har sin måte å arbeide på.



Skape møtestader for kyrkjeframand ungdom

Fleire gonger i året blir det arrangert leirar og arrangement som er felles for fleire NYC-grupper.

Målet er å skape relasjonar og eit trygt rom der tru og spørsmål om tru kan vekse naturleg fram.

Ungdomsutveksling

Ucrew er NMS sitt utvekslingsprogram der unge frivillige (praktikantar) reiser til eit anna land for å delta i lokalt kristent arbeid.

NMS har samarbeidd med Carlisle bispedøme om dette i mange år.



Ungdomsutveksling

Northern Young Leaders Project (NYLP) er Carlisle bispedømme sitt eige program for «praktikantar».

Unge vaksne frå inn- og utland blir utfordra til å ta ansvar og leiing, og blir inspirerte til tru og teneste.



Ungdomsutveksling

Utvekslingsprogramma **Ucrew** og **NYLP** gir unge både frå England, Norge og andre land erfaringar med kristen teneste i ein annan samanheng.

Det blir bygd bru mellom kyrkjer og skapt nye rom for fellesskap.

Dette er til stor glede for kyrkjelydane som tek imot ungdomane.





Kyrkjelydsplanting

I Carlisle bispedømme i Cumbria bidreg NMS til kyrkjelydsfornyning i sjølve byen Carlisle og kyrkjelydsplanting i eit meir landleg område.



Kyrkjelydsplanting

I **Carlisle by** arbeider ein brasiliansk misjonærfamilie i St. Luke's kyrkjelyd med fornying av kyrkjelyden, særleg med tanke på barn og unge.

Frå Brasil er dei vane med å arbeide med disippelskap, og har særleg fokus på dette.

Dette prosjektet starta i 2024.



Kyrkjelydsplanting

I nærleiken av **Keswick** bidreg NMS til eit kyrkjelydsplante-prosjekt som *ikkje* er i ein by.

Dette er noko nytt i Carlisle bispedømme.

Samlingane er i ei tradisjonell kyrkje, og lokalkyrkjelyden der er glad for denne satsinga.



Kyrkjelydsplanting

Den nye kyrkjelyden heiter St. Aidan's, og samlast kvar søndag ettermiddag.

Kyrkjelyden består av familiar og ungdomar.

To engelske familiar utgjer teamet for satsinga. I tillegg løner NMS ein ungdomsarbeidar.



Kyrkjelydsplanting

Det er behov for kyrkjelydar som ikkje berre samlar folk til gudsteneste, men som også skaper opne fellesskap - der menneske finn tru og tilhøyrslø.

Både St. Luke's, St. Aidan's og Network Youth Church (NYC) er døme på dette.



Kyrkjelydsdiakoni

Kyrkjelydsdiakoni handlar om å byggje inkluderande fellesskap der menneske deler tru, liv og ansvar på tvers av bakgrunn og livssituasjon.

Dette er ikkje eit eige diakonalt prosjekt, men eit nytt satsingsområde i England.

**Bli
DU
med?**



Finn historier, blogg og meir informasjon om kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt her:

nms.no/finndinmenighet





DELER TRUA
PÅ JESUS



UTRYDDAR
FATTIGDOM



KJEMPAR
MOT URETT

SAMAN



NIMS

saman forandrar vi verda